

*Meland Kommune
Kommunalavd.teknisk (Byggesak)
Havnevegen 41a
5918 FREKHAUG*

18.02.2019

Til Meland kommune v/sakshandsamar Marianne Aadland Sandvik .

Syner til dykkar e-post datert 13.02.2019 vedk. utforming av bustadar på gnr. 9 bnr. 28. samt til oppklaringsmøtet vi hadde 4.02.19.

Dei endringar som de her nemner vil eg sjå på som gode eller därlege råd sidan de ikkje har lovheimel til å pålegge desse endringar med heimel i Plan-og bygningslova sitt regelverk.

Dei endringar som eg meiner er gode råd er:

1. Utvide taket over balkongen med 10cm til 100cm
2. Å lage til utgang til terreng i gavlane i 1. etasje.
3. Skiljevegg ute mellom bueiningane på 1. og 2. plan .

Når det gjeld å fjerne takterrassar ser eg ikkje dette som noko godt råd. Takteressene er eit vesentleg moment for bruksverdien av bygga og rekksverket må vera av glas for at brukarane skal få god utsikt. Derfor vil ikkje dei bli endra. Sjølv om takterrassar kanskje er nye type bygningselement i dette området, er det ingenting i gjeldande regelverk som kan forby slike terrasser. Då har heller ikkje kommunen høve til å gi pålegg om endring/fjerning av takterrassane.. Det same gjeld det som de har nemnd med å lage skråtak/pulttak og å bytte om arealbruken i 1. og 2. høgda. Det er därlege råd som eg ikkje ser nokon grunn til å etterkome. Kommunen har heller ingen heimel til å gi pålegg om slike endringar.

Vedlagd føl nye teikningar der desse endringane som nemnd under pkt 1,2 og 3 er teikna inn.

Med bakgrunn i tidlegare samtalar og dei endringar som nå er laga til, meiner eg at kommunen ikkje lenger har noko grunnlag til ikkje å godkjenne søknaden og må derfor gi rammeløyve slik som nå omsøkt.

Ein kan heller ikkje sjå at dei endringar som nå er gjort krev nye nabovarsel.

*Steinar Thunold
Ansv.søkjar /ansv.Prosjekterende*



*Oddbjørn Meland
Tiltakshaver*

